



# Møteinnkalling

---

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyret  
**Møtestad:** Teams  
**Dato:** 15.01.2025  
**Tidspunkt:** 14:00

---

Velkomen til det fyrste møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyret i 2025.

Dette er eit ekstra møte som vert halde på Teams onsdag 15.01.2025 kl 14:00.

Vi satsar på å vere ferdig til kl 15:00.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltar Tor Arne på tlf 90 19 24 71

Vararepresentantar vert kalla inn ved eventuelt forfall.

Velkomen på Teams.

Venleg helsing

Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge  
Nasjonalparkforvaltarar



## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 1/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/25	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 3/25	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Utgreiing av organisering av verneområdeforvaltarane		2024/18204
ST 4/25	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - møteplan 2025		2024/17204

**ST 1/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 2/25 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**



treg

Arkivsaksnr: 2024/18204-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 09.01.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	3/25	15.01.2025

## Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Utgreiing av organisering av verneområdeforvaltarane

### Innstilling frå forvaltar

Forvaltar har inga innstilling i saka.

### Saksopplysningar

#### Dokument i saka:

- Brev frå KLD 5.desember 2024 om *Utredning av organisering av verneområdeforvaltere*
- Internt notat frå verneområdeforvaltarane om organisering av forvaltarane.

### Bakgrunn

Klima- og miljødepartementet sendte ut eit brev 5.desember 2024 der dei informerte om at organiseringa av verneområdeforvaltarar skulle utgreiast, og inviterte til eit innspelsmøte på teams 21.januar. Påmeldingsfristen til teams-møtet er 15.januar.

### Saksopplysningar

Verneområdeforvaltane har, på oppdrag frå styreleiar, skrive eit internt notat om organiseringa og utgreiinga.

Det er viktig å presisere at notatet og vurderingane der er frå verneområdeforvaltarane sin ståstad og perspektiv. Invitasjonen til teamsmøtet rettar seg til styret, og der er det styret som skal kome med sine synspunkt. Styret kan ha anna syn enn forvaltarane på korleis ting fungerer.



Det er og viktig å presisere at denne prosessen er i tidleg fase og at sjølve utgreiinga ikkje er starta enno. I denne omgang er det derfor innspel til kva utgreiinga skal innehalde og gå gjennom som er det viktigaste å spele inn.

Viser elles til notatet for utfyllande informasjon om dagens organisering.

### **Handsaming i møtet**

Styret diskuterer utgreiinga og kva budskap styret eventuelt skal spele inn i teamsmøte 21.jan. Kwart styre får inntil to minutt taletid på møtet. Styret drøftar kven som melder seg på teams-møtet og kven som presenterer innspela frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i teams-møtet.





Arkivsaksnr: 2024/17204-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 09.01.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	4/25	15.01.2025

## Jostedalsbreen nasjonalparkstyret - møteplan 2025

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret skal ha jamlege møte i 2025 for å handsame saker i nasjonalparkstyret og følgje opp tiltak i nasjonalparken. Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta kan eit møte avlyst eller utsett. Ved hastesaker kan det gjennomførast ekstra styremøte innimellom dei planlagde møta. Styret avgjer om nokon av møta kan gjennomførast som digitale møte.

#### Møteplan 2025:

- 15.januar Digitalt styremøte
- 25.-26.mars Gloppen Bestillingsmøte 2 + Arbeid med forvaltningsplan
- 13.mai Fjærland Opning utsiktspunkt ved Bøyabreen
- 23.-25.juni Studietur Evt. styremøte med synfaring 24.-25.juni
- 1.-2.september Jostedal Styremøte med synfaring
- 21.oktober Stardalen Styremøte m/dialogmøte med rådgjevande utval
- 2.-3.desember Stryn Bestillingsmøte 1

### Saksopplysningar

I følgje vedtektene bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer (punkt 7). Det har dei siste åra vore vanleg med 5-7 møter i Jostedalsbreen nasjonalparkstyret, dei fleste møta har vore med fysisk oppmøte og minst eit har vore eit to-dagarsmøte med synfaring. I 2024 var det planlagt 6 møte, men det vart gjennomført 7 møte, eit av dei på teams.

Nasjonalparkstyret drøfta i sak 38/24 drift av styret og årsplan for 2025. Det vart gjort fylgjande vedtak:

*Nasjonalparkstyret skal møte med jamne mellomrom i 2025 for å arbeide vidare med forvaltningsplanen. Styret skal gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i*





*nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane, med utgangspunkt i følgjande årshjul:*

- Januar/Februar: Styremøte
- Mars: Styremøte (Bestillingsmøte 2)
- Juni: Styremøte med synfaring
- August: Styremøte med synfaring
- Oktober: Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval
- November: Styremøte (Bestillingsmøte 1)

*Jostedalsbreen nasjonalparkstyre godkjenner framlegg til drift av styret for året 2025 på Kr 334 000,- jf. saksutgreiinga. Styret godkjenner også budsjettet på kr 30 000,- i planmidlar og kr 150 000,- i grunnstøtte drift. I tillegg ønskjer styret å auke driftsbudsjettet for å gi høve til studietur og fuglekartlegging i Befringsdalen.*

*Sekretariatet legg inn budsjettet i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter (ESS) innan fristen den 10. januar 2025. Sekretariatet får fullmakt til å gjere mindre endringar på budsjettet dersom dette viser seg nødvendig fram mot innmeldingsfristen.*

*Samrøystes vedteke.*

Forvaltarane har gått gjennom dei politiske møtekalendrane for alle kommunane og fylkeskommunen og utifrå desse føreslått møtedatoar og møtestader for 2025.

## Vurdering

Forvaltarane føreslår å leggje opp til 7 styremøte i 2025, eit av desse i samband med ein eventuell studietur.

- 15.januar Teams-møte
- 25.-26.mars Gloppen Bestillingsmøte 2 + Arbeid med forvaltningsplan
- 13.mai Fjærland Opning utsiktspunkt ved Bøyabreen
- 23.-25.juni Studietur Evt. styremøte med synfaring 24.-25.juni
- 1.-2.september Jostedal Styremøte med synfaring
- 21.oktober Stardalen Styremøte m/dialogmøte med rådgjevande utval
- 2.-3.desember Stryn Bestillingsmøte 1

Det er søkt om kr 100 000,- ekstra til drift av styret, med tanke på å ha økonomisk rom til ein studietur. Før vi har oversikt over tildelinga, truleg i midten av februar, er det usikkert om vi har rom for å gjennomføre ein studietur, og forvaltarane ventar difor med å leggje ned tid og ressursar i planlegging av denne.

For at styret skal få best mogeleg kjennskap til og kunnskap om nasjonalparken dei har ansvar for, bør nokre av styremøta gjennomførast i kombinasjon med synfaringar i området.